



# NMS' GRUNNREGLAR OG VEDTEKTER

Vedteke av NMS' Generalforsamling juni 2023

## GRUNNREGLAR

---

- § 1** Det Norske Misjonsselskap (NMS) er ein sjølvstendig organisasjon innanfor Den norske kyrkje og ein reiskap for å realisere kyrkjias misjonsoppdrag.
- Det Norske Misjonsselskap består av foreiningar, grupper og enkeltmedlemmar som arbeidar i samsvar med grunnreglane §§ 2, 3 og 4.
- Det Norske Misjonsselskap er moderorganisasjonen til den sjølvstendige barne- og ungdomsorganisasjonen. Det Norske Misjonsselskaps barne- og ungdomsorganisasjon (NMSU).
- § 2** Det Norske Misjonsselskaps formål er i ord og handling å vitne om Guds nåde i Jesus Kristus, og å bidra til den verdsvide kyrkjias vekst og Guds rikes utbreiing blant alle folkeslag.
- § 3** For å verkeleggjere formålet, samarbeider Det Norske Misjonsselskap med kyrkjer og organisasjonar i Norge og i andre land.
- Arbeidet i regionane i Norge er grunnlaget for verksemda.
- Det Norske Misjonsselskap sender misjonærar både frå Norge og gjennom samarbeidskyrkjene utanfor Norge.
- Det Norske Misjonsselskaps misjonærar får kyrkjeleg innviing eller forbøn etter gjeldande ordningar.
- Det Norske Misjonsselskap driv misjonsfagleg forskning og utdanning.
- § 4** Det Norske Misjonsselskap er forplikta på Den heilage skrifta og Den norske kyrkje sine vedkjenningskrifter.
- § 5** Generalforsamlinga er Det Norske Misjonsselskap høgaste myndigheit. Den vert arrangert kvart tredje (3) år.
- Desse har tale- forslags- og stemmerett under generalforsamlinga:
- » Alle medlemmar i NMS og NMSU som seinast i løpet av året det er generalforsamling fyller femten (15) år

## GRUNNREGLAR

---

forts.

- » Ein (1) delegat frå kvar misjonsforeining
- § 5**
- » Ein (1) delegat frå kvar samarbeidskyrkjelyd
  - » Ein (1) NMSU-representant valt av landsstyret deira
  - » Ein (1) representant frå kvar gjenbruksbutikk

Generalforsamlinga fattar vedtak, behandlar saker og utfører val som skildra i vedtektene for generalforsamlinga.

Landsstyret er organisasjonen si høgaste myndigheit i periodane mellom generalforsamlingane. Protokollkomiteen fører tilsyn med landsstyret. Valkomiteen førebur val som haldast på generalforsamlinga.

Administrasjonen tek hand om den daglege drifta av organisasjonen.

Landsstyret fastset delegeringsreglement som viser kva saker hovudadministrasjonen ved generalsekretær har ansvar for og vedtaksmyndigheit i.

Landsstyret vurderer behovet for og fastset eventuelle vedtekter for arbeidet på felta.

Dessutan arbeider regionane (nasjonalt) og felta (internasjonalt) innanfor dei rammene landsstyret set.

**§ 6** Det Norske Misjonsselskap arbeider aktivt for likestilling mellom kjønna.

**§ 7** Det Norske Misjonsselskap arbeider aktivt for ei berekraftig forvaltning av Guds skaparverk.

**§ 8** Møter i Det Norske Misjonsselskaps styrande organ er opne for tilhøyrarar med mindre møtet sjølv bestemmer seg for å lukke møtet i enkeltsaker.

**§ 9** Offisielt namn på engelsk og fransk er:  
Engelsk: *The Norwegian Mission Society*  
Fransk: *Société des missions Norvégiennes*

**§ 10** Endring av grunnreglane krev to tredjedels (2/3) fleirtal av stemmene på generalforsamlinga. Endring av vedtektene krev simpelt fleirtal.

**§ 11** Det Norske Misjonsselskaps verksemd i Norge er delt inn i regionar. Arbeidet i regionen vert leia av eit regionstyre. Regionen arbeider innanfor dei rammene som er gitt av generalforsamlinga og handlingsplanen for arbeidet i Norge. Generalforsamlinga fastset vedtekter for regionarbeidet. Det enkelte regionstyre fastset strukturen i arbeidet i regionen. Områdestruktur er normalordning.

**§ 12** Ved oppløysing overførast eventuelle overskytande aktiva til Den norske kyrkje ved Kyrkerådet.

## VEDTEKTER

### GENERALFORSAMLINGA

- § 1** Landsstyret kallar inn til generalforsamling seinast tre (3) månadar før. Med innkallinga følgjer forslag til saksliste med tilhøyrande dokument.

Før landsstyret utarbeider innkallinga, offentleggjerast ein tidsfrist for enkeltmedlemmar og regionstyrer for å komme med forslag til saker som skal behandlast på generalforsamlinga. Dersom minst 50 % av regionstyra ønskjer å ta opp ei sak, er landsstyret forplikta til å fremje saka.

- § 2** Generalforsamlinga fattar vedtak i følgjande saker:

- » Godkjenning av innkalling og saksliste
- » Godkjenning av forhandlingsreglement
- » Konstituering
- » Strategiplan for kommande treårsperiode
- » Grunnreglane
- » Vedtekter for samansetting til generalforsamlinga
- » Vedtekter for val under generalforsamlinga
- » Vedtekter for landsstyrets leiar
- » Vedtekter for landsstyret
- » Vedtekter for protokollkomiteen
- » Vedtekter for generalforsamlingas valkomité
- » Vedtekter for regionstyra
- » Vedtekter for områdeutvala
- » Fastsetting av tal på regionar og grensene for desse
- » Andre saker som landsstyret legg fram for generalforsamlinga til behandling

Generalforsamlinga behandlar i tillegg følgjande saker:

- » Treårsmelding frå landsstyret inkludert orientering om den økonomiske situasjonen
- » Protokollkomiteens rapport
- » Andre saker som landsstyret legg fram for generalforsamlinga til behandling

På generalforsamlinga vert følgjande val teke:

- » Val av landsstyreleiar
- » Val av landsstyre
- » Val av protokollkomité
- » Val av valkomité

Under generalforsamlinga skal det vere rom for åndeleg fornying, inspirasjon og misjonsinformasjon.

## VEDTEKTER

- § 3** Medarbeiderforeininga (MAF) representerast med tre (3) personar med tale- og forslagsrett.
- Styret i NMS Gjenbruk samt dotterselskapa direkte under NMS får høve til å velje ein (1) representant kvar med tale- og forslagsrett.
- Generalsekretæren har forslags- og talerett som kan delegerast til andre leiarar i administrasjonen.
- Norske og utanlandske samarbeidskyrkjer- og organisasjonar inviterast som observatørar med talerett.
- § 4** Landsstyrets medlemmar har ikkje stemmerett i saker som dreier seg om å vurdere landsstyrets arbeid.
- § 5** Ingen region kan ha meir enn 40 % av stemmene ved ei generalforsamling. Ved eventuell fråtaking av stemmerett vil påmeldingstidspunktet vere avgjerande.
- § 6** Påmeldingsfrist for å kunne bruke sine rettar under generalforsamlinga er fjorten (14) dagar før start av generalforsamlinga.
- § 7** Det kan kallast inn til ekstraordinær generalforsamling når det blir vedtatt i landsstyret med to tredjedels (2/3) fleirtal eller to tredjedelar (2/3) av regionstyra forlangar det.
- Ekstraordinær generalforsamling finn stad snarast mogleg og seinast innan seks (6) månadar etter at krav om slikt er framsett.
- Val som måtte skje på den ekstraordinære generalforsamlinga gjeld fram til første ordinære generalforsamling.

## VAL UNDER GENERALFORSAMLINGA

- § 8** For alle val gjeld følgande:
- » Vala skal vere skriftlege
  - » Ved stemmeliikskap vert resultatet avgjort ved loddtrekning
  - » Kandidatane er forplikta til å lære og å leve i samsvar med Den heilage skrifta og Den norske kyrkje sine vedkjenningskrifter
  - » Kandidatane må vere medlemmar av NMS
  - » Ved val med fleire kandidatar skal begge kjønn vere representert blant dei føreslegne kandidatane
  - » Kandidatane må fylle atten (18) år seinast det året generalforsamlinga finn stad
  - » Valresultatet gjeld fram til neste generalforsamling

## VEDTEKTER

---

### § 9 Val av landsstyreleiar

Regionstyra får høve til å komme med forslag til leiarkandidat(ar) seinast ti (10) månadar før generalforsamlinga.

Valkomiteen fremjar frå eitt (1) til tre (3) forslag til landsstyreleiar. Kandidatane presenterast i alfabetisk rekkefølge for generalforsamlinga.

Val av leiar finn stad før val av landsstyre

- » For å bli valt krevst minst 50 % av stemmene.
- » Ved fleire enn to (2) kandidatar der ingen har oppnådd 50 % av stemmene, blir eit nytt val gjennomført mellom dei to (2) kandidatane med flest stemmer.

### § 10 Val av landsstyre

Kvart regionstyre føreslår medlemmar til landsstyret frå eigen region seinast ti (10) månadar før generalforsamlinga.

- » Forslaget bør innehalde minimum fire (4) namn
- » Begge kjønn skal vere representert
- » Regionstyra bør bidra til størst mogleg kompetansespreiing blant dei føreslegne medlemmane til landsstyret

Tilsette i NMS kan berre veljast til landsstyret som representant for dei tilsette (veljast av dei tilsette).

Valkomiteen nominerer minimum femten (15) kandidatar og desse presenterast i prioritert rekkefølge for generalforsamlinga.

Valet under generalforsamlinga:

Det blir valt fem (5) faste medlemmar og fem (5) varamedlemmar. Tre (3) faste medlemmar veljast i første valomgang, deretter to (2) faste og fem (5) varamedlemmar.

### § 11 Val av protokollkomité

Kvart regionstyre føreslår medlemmar til protokollkomiteen frå eigen region seinast ti (10) månadar før generalforsamlinga.

Tilsette i NMS og landsstyremedlemmar kan ikkje vere medlemmar av protokollkomiteen.

Valkomiteen nominerer ni (9) kandidatar og desse presenterast i alfabetisk rekkefølge for generalforsamlinga.

Valet under generalforsamlinga:

Det blir valt tre (3) medlemmar og tre (3) varamedlemmar i eitt (1) val.

Dei tre (3) kandidatane som har høgast stemmetal utgjer ny protokollkomité.

Dei påfølgande tre (3) i stemmetal blir varamedlemmar.

## VEDTEKTER

### § 12 Val av valkomité

Kvart regionstyre foreslår kandidatar til valkomiteen frå eigen region seinast ti (10) månadar før generalforsamlinga.

Tilsette i NMS og landsstyremedlemmar kan ikkje vere medlemmar av valkomiteen.

Valkomiteen nominerer tolv (12) kandidatar og desse presenterast i prioritert rekkefølge for generalforsamlinga.

Valet under generalforsamlinga:

Det blir valt fem (5) medlemmar og to (2) varamedlemmar i eitt (1) val. Dei fem (5) kandidatane som får høgast stemmetal utgjer ny valkomité. Dei påfølgande to (2) i stemmetal blir varamedlemmar.

## LANDSSTYRETS LEIAR

### § 13 Landsstyreleiar har ansvar for landsstyrets arbeid i perioden.

Landsstyret ved leiar har personalansvar for generalsekretæren.

Landsstyret er forplikta i forretningsaker av styrets leiar saman med generalsekretær.

Ved stemmelikskap i landsstyret har leiar dobbeltstemme.

Landsstyreleiar mottek honorar for vervet etter gjeldande reglar.

## LANDSSTYRET

### § 14 Landsstyret (LS) består av

- » leiar valt av generalforsamlinga
- » fem (5) andre medlemmar valt av generalforsamlinga
- » ein (1) representant valt av blant dei tilsette
- » ein (1) representant valt av landsstyret i NMSU (LS-NMSU)

Landsstyret vel sjølv nestleiar blant medlemmane som er valt av generalforsamlinga.

Dersom valt medlem blir tilsett i NMS i meir enn 20 % stilling går denne ut av LS så lenge tilsettinga varer. Vararepresentant trer i perioden inn som ordinært medlem.

For dei tilsette sin representant og representant frå LS-NMSU, blir det valt ein personleg vararepresentant.

### § 15 Fast medlem og vararepresentant frå LS-NMSU følgjer NMSUs valperiode.

## VEDTEKTER

---

**§ 16** Ingen personar kan sitte samanhengande som fast medlem i landsstyret i meir enn to (2) periodar. Etter et opphald på minst ein (1) periode, kan ein veljast på nytt. Desse grensene gjeld ikkje for varamedlemmar.

Eit medlem kan sitte i inntil tre (3) periodar dersom vedkommande deler av tida er valt som leiar.

**§ 17** Rektor ved VID vitenskapelige høgskole har møterett og talerett ved NMS landsstyre sine møter.

**§ 18 Om landsstyrets arbeid:**

Generalsekretæren er saksbehandlar for landsstyret.

Landsstyret er avgjerdsdyktig når minst halvparten av medlemmane er til stades.

NMS administrasjon og regionane inngår i ei felles juridisk eining med landsstyret som juridisk ansvarleg.

Landsstyret vil normalt møtast inntil seks (6) gonger i året.

**§ 19 Landsstyrets oppgåver:**

Landsstyret har avgjerande myndigheit i alle saker som ikkje avgjerast av generalforsamlinga. I viktige saker bør landsstyret be om regionstyra sine råd. Landsstyret vurderer og avgjer til ei kvar tid kva saker som blir sendt på høyring.

Landsstyret arrangerer minst to (2) møtepunkt for styrer/leiarar i organisasjonen i kvar LS-periode.

Landsstyret slutfører arbeidet med strategiplanen i tråd med vedtak frå generalforsamlinga inkludert redaksjonelle- og grafiske endringar.

Landsstyret har ansvar for, behandlar og gjer vedtak om:

- » Programprofil- og prinsippdokument, samt verksemdsplanar
- » Delegeringsreglement
- » Større strukturelle endringar i organisasjonen
- » Medlemskapsordninga
- » Vedtekter for arbeidet på felta
- » Vedtekter for NMS Gjenbruk
- » Årsmeldingar og rapportar frå ulike arbeidsgreiner
- » Budsjett og rekneskap, derunder økonomiske bidrag til NMS' barne- og ungdomsorganisasjon (NMSU)
- » Avtalar som fordrar landsstyrets behandling
- » Hovudavtale
- » Tariffavtale
- » Tilsetting av generalsekretær og assisterande generalsekretær, samt arbeidsgjevaransvar for generalsekretær
- » Varslingsrutinar
- » Retningslinjer for forvaltning, kjøp og sal av eigedommar

## VEDTEKTER

- forts.
- » Retningslinjer for bruk av gåver til bestemte føremål
- § 19**
- » Oppnemner representantar til styrer der dette fordrast av vedtektene til gjeldande styre
  - » Stad for generalforsamlingane
  - » Godkjenner protokoll for generalforsamlinga
  - » Andre saker som fremjast av generalsekretæren

## PROTOKOLLKOMITEEN

- § 20** Protokollkomiteen blir valt av generalforsamlinga og består av tre (3) medlemmar. Medlemmene kan veljast på nytt ein (1) gong.
- § 21** Den som får flest stemmer kallar inn til første møte. Komiteen vel sjølv leiar og sekretær.
- § 22** Protokollkomiteen passar på at landsstyrets avgjerder er i samsvar med NMS' grunnreglar og vedtekter, samt generalforsamlinga sine vedtak.
- § 23** Protokollkomiteen gjennomgår landsstyrets protokollar.
- § 24** Dersom protokollkomiteen meiner det er behov for å reise spørsmål ved eller komme med kommentarar til behandlinga av saker, blir landsstyret fortløpande gjort kjend med dette.
- § 25** Protokollkomiteen har normalt eitt (1) til to (2) møter i året. Den kan, ut fri eiga vurdering, kalle inn generalsekretær og andre i NMS-leiinga til samtale om aktuelle saker.
- § 26** Protokollkomiteen ved leiar legg fram for generalforsamlinga ein rapport om komiteens arbeid.

## VALKOMITEEN

- § 27** Valkomiteen blir valt av generalforsamlinga og består av fem (5) medlemmar. Medlemmane kan veljast på ny ein (1) gong. Den som får flest stemmer, kalla inn til første møte. Komiteen vel leiar og sekretær sjølv.
- § 28** Valkomiteen førebur val av landsstyreleiar, landsstyre, protokollkomité og valkomité iht. vedtekter for val.
- § 29** Seinast femten (15) månadar før generalforsamlinga, sender valkomiteen melding til regionstyra om dei vala som skal takast på kommande generalforsamling med oppfordring til å foreslå kandidatar.



## VEDTEKTER

- § 30** Valkomiteen står fritt til å vurdere forslag som kjem inn frå regionane, samt å foreslå eigne kandidatar.
- Valkomiteen skal på sjølvstendig grunnlag gjere ei endeleg nominering av dei føreslegne kandidatane ut frå ei naudsynt heilskapleg vurdering av mogleg samansetting med tanke på geografi, kompetansespreiing og kjønn.
- § 31** Ved fleire kandidatar til landsstyreleiar skal begge kjønn vere representert.
- § 32** Valkomiteen skal i arbeidet sitt legge til rette for minst 40 % representasjon av begge kjønn i landsstyret og valkomiteen, samt at begge kjønn er representerte i protokollkomiteen.
- § 33** Dei personane som valkomiteen føreslår skal spørjast på førehand og gjerast kjend med NMS' grunnreglar, prinsipp- og policydokument. Berre personar som er medlem i NMS og som har erklært seg villige til å stille som kandidatar, kan settast opp.
- § 34** Valkomiteen ved leiar presenterer kandidatane til dei ulike vala for generalforsamlinga.

## REGIONSTYRA

### § 35 GRUNNLAG

- a. Regionstyret arbeider i tråd med gjeldande grunnreglar og vedtekter for organisasjonen.
- b. Regionstyrets hovudoppgåve er å bidra til verkeleggjering av NMS' strategi innanfor sitt geografiske område og arbeider i tråd med vedtatt strategiplan.

### § 36 REGIONSTYRETS RETTAR OG PLIKTER

- a. Har mandat til å bruke tilsette innan avtalte rammer.
- b. Representant for regionstyret (områdeutval i region Nord) deltek i prosessen når det gjeld tilsetting av personell med regionale arbeidsoppgåver.
- c. Deltek ved utarbeiding og endring av instruks for stillingar til personell med regionale arbeidsoppgåver.
- d. Er samtalepart og høyringsinstans for landsstyret i viktige saker.
- e. Møter landsstyret til drøfting av arbeidet i organisasjonen. (Jf. vedtekter for LS § 19)
- f. Sender styrereferat og årsrapport til landsstyret.
- g. I regionar utan regionstyre må det avtalast med områdeutvala korleis funksjonane mellom regionkontakt og områdeutvalsleiarane skal operasjoniserast.

## VEDTEKTER

---

### § 37 REGIONSTYRETS OPPGÅVER

- a. Utarbeide og vedta handlingsplan for regionen på grunnlag av områdeutvala sine tiltaksplanar.
- b. Utarbeide forslag til budsjett for regionstyret og områdeutvala sine aktivitetar.
- c. Samarbeide med leiarar og tilsette innan dei aktuelle seksjonane i NMS.
- d. Samarbeide med NMS gjenbruksbutikkar, NMSU og NMS-leirstader i regionen.
- e. Følge opp frivilligheitsarbeidet i regionen i samarbeid med tilsette og i tråd med overordna planar.
- f. Koordinere arbeidet i regionen og vere til inspirasjon for områdeutvala i samarbeid med dei tilsette.

### § 38 REGIONENS ORGAN, SAMANSETTING/VAL

- a. Regionstyret består av minimum fire (4) personar og veljast på regionens årsmøte eller av områdeutvala. Begge kjønn skal vere representert. Regionstyret konstituerer seg sjølv.
- b. Leiar for regionstyret kan veljast i separat val.
- c. Representantane veljast for ein periode på eitt til tre (1-3) år og kan veljast igjen ein (1) gong. Nytt attval bør ikkje skje før etter opphald på ein (1) valperiode. Det bør veljast personlege vararepresentantar.
- d. Alle medlemmar i NMS og NMSU, medlemmer av foreining og to (2) medarbeidarar frå kvar gjenbruksbutikk, samt representant for kyrkjelydar med misjonsavtale og som seinast i løpet av året fyller femten (15) år, har taleforslags- og stemmerett på årsmøtet.
- e. Kandidatane bør vere medlemmar av NMS.
- f. Kandidatane er forplikta til å arbeide i lojalitet med NMS' grunnlag og formål.
- g. Kandidatane må fylle atten (18) år seinast det året årsmøtet finn stad.
- h. Ved val med fleire kandidatar skal begge kjønn vere representert blant dei føreslegne kandidatane.
- i. I regionstyret sit også ein (1) representant frå NMSU og ein (1) NMS-tilsett som har arbeidsstad knytt til regionen, med stemmerett.
- j. Regionstyret er avgjerdsdyktig når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme.

### § 39 SUPPLERANDE VEDTEKTER

Regionstyra kan vedta supplerande vedtekter ut frå eige behov. Desse skal godkjennast av landsstyret.

## VEDTEKTER

### OMRÅDEUTVALA

#### § 40 GRUNNLAG

- a. Områdeutvala arbeider i tråd med gjeldande grunnreglar og vedtekter for organisasjonen.
- b. Områdeutvala sine hovudoppgåver er å bidra til verkeleggjering av NMS' strategi innan sitt geografiske område og arbeider i tråd med vedteken strategiplan.
- c. I regionar utan regionstyre må det avtalast med områdeutvala i kva grad dei skal ivareta regionstyret sine oppgåver.

#### § 41 OMRÅDEUTVALA SINE OPPGÅVER

- a. Utarbeide tiltaksplan for sitt område og gjere dei prioriteringane som er naudsynte ut frå tilgjengelege ressursar.
- b. Arbeide med motivasjons- og innsamlingsarbeid overfor foreiningar, kyrkjelydar og enkeltpersonar.
- c. Vere samtalepart for regionstyret i vurdering av arbeidet i området.
- d. Samarbeide med NMS gjenbruksbutikker, NMSU og NMS-leirstader i området.
- e. Sende referat frå områdeutvalsmøte til regionstyret/regionkontakt.

#### § 42 ØKONOMI

- a. Jobbar ut frå budsjett for arbeidet i regionen/området.
- b. Økonomiforvaltning må skje ut frå retningslinjer som skildra i NMS økonomihandbok.
- c. Inntekt i foreiningar/grupper som er tilslutta NMS høyrer til organisasjonen. Midlane sendast vidare etter at naudsynte utgifter er trekt frå.

#### § 43 SAMMENSETTING/VAL

- a. Områdeutvalet bør samlast minst fire (4) gonger i året.
- b. Områdeutvalet er avgjerdsdyktig når minst halvparten av medlemmane er til stades.
- c. Områdeutvalet veljast på årsmøte i området og skal bestå av minimum tre (3) personar. Begge kjønn bør vere representert.
- d. Representantane blir valt for ein (1) periode på ein til tre (1-3) år og kan veljast på nytt ein (1) gong. Nytt attval bør så ikkje skje før etter opphald på ein (1) valperiode.
- e. Alle medlemmar i NMS og NMSU, medlemmar av foreiningar og medarbeidarar i gjenbruksbutikk, samt representantar for kyrkjelydar med misjonsavtale, og som seinast i løpet av året fyller femten (15) år, har taleforslags- og stemmerett på årsmøtet.
- f. Kandidatane bør vere medlemmar av NMS.
- g. Kandidatane er forplikta til å arbeide i lojalitet med NMS' grunnlag og formål.
- h. Ved val med fleire kandidatar skal begge kjønn vere representert blant dei føreslegne kandidatane.
- i. Kandidatane må fylle atten (18) år seinast det året årsmøtet finn stad.